



## Årsmøteprotokoll frå Hareid sokn

Årsmøtet vart halden på kyrkjelydshuset laurdag 13. mars 2021 kl 1600-1800.

Planen var at årsmøtet skulle vere i samanheng med vårmesse for inntekt til kyrkjelydshuset, men grunna koronasituasjonen dempa vi det ned til ei fellesstund - før årsmøtet starta.

Maksimumsgrensa var 100 personar og 1 meters avstand-regel. Det møtte totalt 57 personar.

Då vi ikkje kunne ha fellessong (grunna 1 m avstand mellom kohortane, og ikkje 2 m) vart det digital opning av film/song ved Grimstadkort på storskjerm. Soknerådsleiaren ønskja velkommen med ord og dikt, nestleien opplyste om smittevern og restriksjonane. Alle måtte sitte på sine tilviste plassar.

Underhaldning song/musikk og tekstslesing v/Odd Goksøy. Matykt med «porsjonsmat/matpakkar», kaffi og loddosal til inntekt for kyrkjelydshuset, blei tilrettelagt ved kvart bord. Trekking av årar og loddbøkene (2 påskekransar, påskeegg & toavottar). Barnekantoriet song 3 songar for oss.

Kyrkjeverja takka alle frivillige som har bidrege gjennom året. Takka og overrakte blomster til Arild Grimstad og Torgeir Ringstad (kona Kari Janne repr. Torgeir) for at dei påtok seg arbeidet i feburar med å fjerne røromnar og tilrettela for montering av varmepumpe i storesalen 2. etg. kyrkjelydshuset. Også leiar i kyrje- og kyrkjegardsutvalet, Kristoffer Indreeide Grimstad, fekk fortelje om arbeidet som teknikarane gjer på kvar gudsteneste. Eit viktig arbeid i høve lyd og bilde, samt streaming på Facebook og overføring til Hadartun.

Klokka 17 starta årsmøtet til soknet, og varte i nøyaktig ein time.

Soknerådsleiar og nestleiar presenterte årsmeldinga. Kyrkjeverja presenterte eit forenkla førebels rekneskap og budsjett.

**Nytt kyrkjekontor:** Stein Karstensen presenterte bygg nemnda for nytt kyrkjekontor til kyrkjelydshuset, som er Leidulv Hareide, Aina Giskeødegård Balsnes, Torgeir Ringstad, Stein Karstensen (representant frå soknerådet), prosjektleiar frå kommunen Paul Arne Ulstein og kyrkjeverja Bente Andreassen Pilskog.

Prosjektleiar Paul Arne Ulstein gav ros til kyrkjelyden og stab som han oppfatta som veldig aktiv og positiv, og synes det er kjekt å jobbe med prosjekta våre. Han presenterte planane for prosjektet og viste illustrasjoner om korleis tilbygget vil bli sjåande ut, samt det økonomiske bildet. Tilbygget vil bli lånefinansiert og dekkast av husleiga som soknet betaler for eksisterande leige av kontorlokale, og vil ikkje ha noko innverknad på eksisterande bygning og innsamling av midlar til huset. Oppstart graving og bygging er tiltenkt hausten 2021.

Soknepresten fekk sluttordet og fortalte litt om arbeidet til soknet og korleis vi har jobba under pandemien, før det vart avslutta med velsigninga.

**Desse sakene vart handsama på årsmøtet:**

- 1 Konstituering av årsmøtet
- 2 Årsmelding 2020 for Hareid sokn (lå utdelt på borda)
- 3 Førebels rekneskap og budsjett (låg kopi i årsmeldinga)
- 4 Presentasjon av tilbygg nytt kyrkjekontor til kyrkjelydshuset
- 5 Avslutningsord frå soknepresten

### 1 Konstituering av årsmøtet

Innkalling til årsmøtet vart annonser i Vikebladet og på nettsida, Kyrkjesida i lokalavisa og sosiale media i forkant av møtet. Årsmeldinga har vore utprinta og tilgjengelige i kyrkja, på kyrkjekontoret og på nettsidene til Hareid sokn sidan den var godkjent av soknerådet 26.01.2021, sak SR 04/21.

### Vedtak:

Ann Helen Grimstad Worren, leiar i soknerådet, vart vald til ordstyrar.

Bente Andreassen Pilskog, kyrkjeverje, vart vald til referent.

Til å underskrive årsmøteprotokollen vart Kari Janne Ringstad og Arild Grimstad valt.

**2 Årsmelding 2020 for Hareid sokn**

Årsmeldinga vart gjennomgått av soknerådsleiar (Ann Helen Grimstad Worren) og nestleiar (Bård Grimstad).

**Vedtak:**

Årsmeldinga 2020 for Hareid sokn vart teken til vitande.

**3 Førebels rekneskap og budsjett**

Rekneskapen er ikkje gjort ferdig og revidert frå den kommunale rekneskapsførar. Førebels rekneskap vart forenkla presentert av kyrkjeverja. Kopi av rekneskap og budsjett vart lagt ved årsmeldinga.

**Vedtak:**

Førebels rekneskap og budsjett vart teken til vitande.

**4 Presentasjon av tilbygg nytt kyrkjekontor til kyrkjelydshuset**

Presentasjon av bygggenemnda v/Stein Karstensen og planane for prosjektet v/prosjektleiar Paul Arne Ulstein. Tilbygget vil bli lånefinansiert og dekkast av husleiga som soknet betaler for eksisterande leige av kontorlokale, og vil ikkje ha noko innverknad på eksisterande bygning og innsamling av midlar til huset. Oppstart graving/bygging er tiltenkt hausten 2021.

**Vedtak:**

Presentasjonen av tilbygg nytt kyrkjekontor til kyrkjelydshuset vart teken til vitande.

**5 Avslutningsord frå soknepresten**

Sokneprest Lars Hartig-Tangedal fortalte litt om arbeidet til soknet og korleis vi har jobba under pandemien. Avslutta med velsigninga.

Bente Andreassen Pilskog

*referent*

Kari Janne N. Ringstad.  
Kari Janne Ringstad

Arild Grimstad  
Arild Grimstad